

Bjarte Bakke Pedersen
Fagervollen 27
5956 HUNDVIN

Referanser:
Dykker:
Vår: 20/771 - 20/9781

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
21.02.2020

Stadfester mottatt klage på vedtak om bygging av bustad - gbnr 56/167 Hundvin

Tiltak: Nytt bygg
Byggjestad: Gbnr: 56/167
Tiltakshavar: Hilde Hisdal
Ansvarleg Villanger & Sønner AS
søkjar:

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykker klage på oppføring av bustad på gbnr 56/167 på Hundvin.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av areal, plan og miljø utvalet i møte den 29.04.2020. Møtet vert halde i formannskapssalen på Frekhaug og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommunen si heimeside.

Handsaminga i areal, plan og miljø utvalet kan føre til at vedtaket vert endra. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen

sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I motteke klage er det oppmoda om utsett iverksetting av vedtak datert 14.01.2020. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjøle klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klag på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølv saka. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, td. uopretteleg skade eller tap for partane.

Klagane som er motteke gjeld planeringshøgde og høgde i forhold til veg. Klagar meiner at tiltaket også vil gje vesentleg utsiktstap og at byggehøgde er i strid med godkjent plan.

Kommunen har ikkje tek stilling til om klagarane har rett i påstanden om at byggehøgde er i strid med godkjent plan. Kommunen treng ytterlegare tid til å fastslå om byggehøgder skissert i godkjent vegplan er bindande for bygging av enkelttomtene eller om det er særlege grunnar for å redusere på byggjehøgde ut frå det som er godkjent i byggesaka.

Etter ei førebels vurdering av klagen er det ikkje kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket i denne saka. Kommunen er usikker på om nye opplysningar i klagen er rette og om desse verkar inn på den konkrete avgjerda. Dersom klagen vert teke til følgje og vedtaket vert omgjort kan tiltaket tilbakeførast utan at det skjer permanent skade på omgivnadene.

Oppstart av byggearbeid før klagesaka er endeleg avgjort, skjer på søkjar/tiltakshavar sin eigen rekning og risiko.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det ikkje vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.

- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hilde Hisdal Villanger & Sønner AS	Kvalvågnesvegen 18 KNARVIK	5956 5914	HUNDVIN ISDALSTØ
---------------------------------------	-------------------------------	--------------	---------------------

Mottakarar:

Bjarte Bakke Pedersen Vetle Ketil Wergeland Øyvind Myhr	Fagervollen 27 Fagervollen 33 Fagervollen 29	5956 5956 5956	HUNDVIN HUNDVIN HUNDVIN
---	--	----------------------	-------------------------------